

Gratulerer med dagen!

Om å ta seg ein tur...

I dag er det den internasjonale bokdagen, med markeringar av ulik art på dei fleste biblioteka i landet.

Kanskje eg skal ta meg ein tur?

Det er eit fantastisk vårver, og løvetennene står i stille undring over at dei er i full blomst sjølv om snyen ligg skittengrå like attom.

Eg bestemmer meg for å gjere det... Ta meg ein tur.

Tre minutt på ti, står eg utanfor biblioteket i Harstad. Det undrar meg at eg ikkje står der aleine. Det er tre andre menneske der også! Kø for å komme inn på biblioteket?

Attmed bordet eg sit, har eg med meg Ole Høyland og Alf Prøysen. Eit framifrå selskap. Den eine blei ikkje funne verdig til å representere norsk lyrikk då forlaget mitt skulle lage lyrikkanon, og den andre heller ikkje akkurat så populær, i og med at han var rekna som meistertjuv og utbrytarkonge.

Som forfattar unnar eg meg ein jobbedag i veka på nærmaste bibliotek. Og i dag, i heimbyen, er det stor aktivitet omkring meg. Kan hende fordi det er noe ekstra akkurat i dag. Ei uro og ein ir i lokalet. Det støyamar inn skoleelevar, undrande over alle bøkene. I krokane ved alle borda sit studentar frå Høgskolen, russ i raudt og blått, PC-brukarar frå asylmottaket, ordinære boklånarar, og folk som kjem innom berre for å scanne over tidsskrifthylla.

Prøysen, Høyland og eg – er med på turen...

Bibliotekaren har eit vell av rosa roser, og delar ut til alle som vil ha.

Vi er heldige, vi lever i fridom, vi har lært å lese og skrive, vi har eit fantastisk fellesgode, med innkjøpsordning av originalskriven og omsett litteratur, og eit bibliotek som lånar oss denne kulturelle rikedomen – gratis.

Den internasjonale bokdagen (verdast bokdag) er med på å synleggjere dette unike tilbodet, som kanskje ikkje vekker så mykje oppstyr, eller ettertanke. På same vis som naturen omkring oss... som berre ligg der. Vi veit ikkje heilt kor storslått han er, før vi tar oss ein tur.

Kjem du, er du velkommen. – sånn er det berre her.

Kine Hellebust

Styreleiar Nnf